

Fire ulike måtar Sander kan prøve å reparere på – kva versjon er best?

Første forsøk:

Tid og stad: I gangen på skulen neste dag medan mange ser på

Kroppsspråk: Ler litt nervøst, ser rundt seg, halvvegs på veg vidare

Sander: «Du, sorry for det der i går då. Men du var så irriterande at eg blei sprø.»

Jonas: « ... ok ...? »

Andre forsøk:

Tid og stad: Etter skuletid, litt til side

Kroppsspråk: Ser ned, snakkar fort

Sander: «Unnskyld for at eg var litt hard i går. Eg hadde berre ein dårleg dag. Det var ikkje meininga.»

Jonas: «Ok ...»

Tredje forsøk:

Tid og stad: Same dag, roleg plass, utan publikum

Kroppsspråk: Ser på Jonas, roleg stemme, ikkje hastverk

Sander: «Det eg sa til deg i stad var urettferdig og for hardt. Du prøvde berre å tulle, og eg snakka til deg som om du hadde gjort noko skikkeleg gale. Eg såg at du vart lei deg og det forstår eg god. Eg øver på å stoppe før eg smell når eg har dårlege dagar. Neste gong seier eg heller at eg treng pause.»

Jonas: «Ja ... det kjentest ikkje bra, men ok.»

Fjerde forsøk:

Tid og stad: Oppsøker Jonas heime same dag

Kroppsspråk: Tung og lidande, nesten desperat

Sander: «Eg er ein forferdeleg person og fortener ikkje å vere vennen din. Det eg gjorde var skikkeleg stygt. Eg skal aldri, aldri gjere noko sånt igjen, eg lover hundre prosent, men eg reknar med du ikkje vil vere vennen min lenger likevel.»

Jonas: «Eh ... joda det går bra det ...»